

Fylkestinget i Hordaland
v / fylkerådmannen

Bergen, 23.09.2018

Veglause grender (Furnes, Stokken, Padøy, Heimvik, Tone, Mellesdalen, Vedå og Bukkestein) kan miste båtruta, ref. tidlegare brev i saka

Senior Norge er, som tidlegare informert, ein frittstående og upolitisk interesseorganisasjon for seniorar / pensjonistar i samfunnet. Organisasjonen si målsetting er å ivareta interesser for denne samfunnsgruppa.

Organisasjonen er, gjennom media, gjort kjend med at "båtrutesaka", i nær framtid, skal opp til ny handsaming. Senior Norge Hordaland viser til to tidlegare brev i saka, og vonar at fylkeskommunen no finn ei tilfredsstillande løysing i saka slik at båtruta kan halda fram. Iflg. info har båtruta fungert i området i over 30 år, og det er ikkje den store kostnaden sett i budsjettsamheng. Det er difor stor forståing for dei mange som seier: "Det er utruleg at det offentlege skal laga så mykje støy, bråk og uro for så lite, i eit lite lokalsamfunn. Det må vera viktigare ting i samfunnet å bruka ressursar på".

Senior Norge Hordaland ber fylkestinget om å finna ei løysing, slik at båtruta kan oppretthaldast, og at folk som er busett i desse grendene, kan bu i heimane sine.

Senior Norge Hordaland ber om at dette brevet, og to tidlegare brev, blir lagt ved saka, og organisasjonen håpar å kunna sjå fram til ei positiv og tilfredsstillande løysing i saka - for alle partar.

Venleg helsing

f. styret, Senior Norge Hordaland

Odd Himle

leiar

ingen håndskreven singatur